



Fredrik Jordal
Radøyvegen 593
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16682 - 20/62961

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
06.10.2020

Pålegg om retting av avløpsanlegg - gbnr 322/67 Mjåtveit

Administrativt vedtak: Saknr: 1058/20
Tiltak: Retting avløpsanlegg - hastesak
Byggjestad: Gbnr: 322/67 og
322/177
Tiltakshavar: Fredrik Jordal

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 7 krev kommunen retting av avløpsledningen på eigedommen din med adresse Juviknipa 3A, 3C og 3D, 5918 Frekhaug. Det private stikket må koblast frå overvassledning og på kommunal vassledning i tråd med tilkoblingsløyve for eigedomen. Frist for retting er 13.10.2020. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Det vert varsla om at dersom tilhøvet ikkje vert retta innan fristen, vil Alver kommune syte for utbetring av avløpsanlegget på dykkar rekning.

Saksutgreiing

Vi viser til løyve for tilknytning til kommunalt vassverk og kloakkanlegg gitt i brev frå Meland kommune av 31.01.2001 til gnr. 22, bnr. 67 i sak nr. 00/3355.

Grunngjeving for pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Avløpsledningen er ved ein feil kopla inn på overvassledningen i nærområdet og har ført til forureining i området over fleire år. Pålegg om utbetring vert gjort difor utan førehandsvarsel. Pålegget er varsla per telefon i dag 06.10.2020.

Tilbakemelding

Når retting er utført, må grunneigar(evt. ansvarleg røyrleggjar) sende inn dokumentasjon for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen. Legg ved biletedokumentasjon som syner at området er rydda.

Dokumentasjon og bilete sendast til:

E-post post@alver.kommune.no

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Plikt til å unngå forureining

Det følgjer ein generell plikt til å unnfå forureining i forureiningslova § 7. Dykk har per i dag eit kloakkanlegg som inneber ureinsa utslepp på det kommunale overvassnettet som inneber ei forureining. For å unngå forureining kan ikkje avløpsanlegget nyttast før ledningsnettet er kobla om til offentlig avløpsnett i tråd med tilkoblingsløyve.

Aktuelt regelverk:

Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7 første ledd.

Plikt til stanse forureininga når den har inntrådt følger av forureiningslova § 7 andre ledd.

Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16682

Med vennleg helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til tilknytning til kommunalt vassverk og kloakkanlegg

Mottakarar:

Fredrik Jordal

Radøyvegen 593

5938

SÆBØVÅGEN